

Eigen informasjon for folkevalde; Registrering av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste

Det er ynskjeleg at dei folkevalde brukar Visma.net Expense til å registrere krav om møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste, i tillegg til registrering av kilometergodtgjersle.

Programmet er i utgangspunktet ikkje laga for slike registreringar, men ved å «improvisere» litt, går det an!

- ❖ Viss du har kilometergodtgjersle; Gå inn på kjørebok og registrer møtet med «namn» (som t.d. Kommunestyremøte, Formannskapsmøte eller HU for utvikling/levkår) i feltet «beskrivelse». Trykk «Lagre». Du vel rett dato ved å trykke på kalenderen i feltet «dato».. Under «type kjøretøy» kjem det opp mange alternativ, men som folkevald må du velje «**Bil – politiske møter**» (*ikkje bruk «bil»*). Legg inn antal kilometer, reiserute og formål med reisa. Deretter trykkjer du «legg til».
- ❖ Gå vidare til fanen «Utlegg» (eller trykk «neste»). Her skjer registreringa av møtegodtgjersla. Viss du kun har møtegodtgjersle, startar du direkte på denne fanen. Opne nedtrekksmenyen under «Type utlegg». Her skal du velja «**Møtegodtgjersle – fast sats**». Vidare legg du inn den faste satsen for møtegodtgjersle i Vang kommune. Deretter trykkjer du «legg til».
- ❖ Då kan du evt. registrere tapt arbeidsforteneste. Opne nedtrekks-menyen på nytt og vel det rette av alternativa; «Tapt arbeidsforteneste ulegitimert» eller «Tapt arbeidsforteneste legitimert». Vidare legg du inn totalbeløp. **I feltet «formål» må du skrive kvifor du søker om tapt arbeidsforteneste samt antal timar x sats.** Når du har lagt inn alle opplysningane, trykkjer du på knappen «neste».
- ❖ Du kjem då til fanen «Sammendrag». Her kjem oppsummeringa av det du har lagt inn. Kontroller at det som står der ser rett ut og send til godkjenning når alt er i orden. 😊

Ein liten opplysning til slutt:

Om du opnar PDF-fila som høyrer til kvar enkelt reiserekning, vil det sjå ut som om møtegodtgjersla og evt. tapt arbeidsforteneste er trekkfri. Desse godtgjerslene er ikkje trekkfrie, men dette er ein «skjønnhetsfeil» som vi ikkje får gjort noko med inne i Expense. Men; du vil sjå at det kjem som trekkpliktig på lønsslippen din, så alt blir rett til slutt. 😊

NYTT

Satser 2022

Møtegodtgjærlse:

- For møte i kommunestyre, formannskap, hovudutval med sakliste : **900 kr** pr møte.
- For andre møte(herunder seminarer , budsjettkonferanser osv): **450 kr** pr møte.

Tapt arbeidsforteneste:

Legimitert: 308 kr/time eller 2156 kr/dag (7 timar)

Ulegimitert: 231 kr/time eller 1617 kr/dag (7 timar)